

Saksprotokoll 28.05.2020 - fylkesutvalet

Fylkesordførar gav slikt svar:

«Føremålet med Nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriererettleiing er med anna at ulike sektorar som leverer karriererettleiingstenester i mykje større grad skal samhandle og samarbeide om å bidra til at alle innbyggjarar i Norge får eit heilskafeleg tilbod. Dette vil i særleg grad involvere offentlege tenester og offentleg eigde tenester. Vestland fylkeskommune har innan karriererettleiingstenestene både eigne tenester, og eig selskap som leverer slike tenester. Arbeids- og inkluderingsverksemda Beredt AS er eit døme på det.

Karriere Vestland, med tilsette i Vestland fylkeskommune, har ei grunnbemanning som leverer godt på både analog og digital karriererettleiing. Omfanget av behovet for karriererettleiing hjå enkeltmenneske vil truleg auke raskt og mykje, og vere spreidd utover heile fylket, etter kvart som fleire og fleire mistar jobben sin som følgje av innskrenkingar og konkursar. Dei midlane som er foreslått å gå til ekstraordinære karriererettleiingstiltak er meint å skulle fylle dette auka behovet eit stykke på veg. Midlane kan ikkje nyttast til å tilsetje fast, det vil og vere vanskeleg å tilsetje i engasjement for eit so avgrensa oppdrag, og det vil samstundes innskrenke i kva grad vi når ut i heile fylket raskt. Vi veit at det er kompetente rådgjevarmiljø i fylket, som også grunna Covid-19 har kapasitet. Vi vil då søke å få fleire kompetansemiljø i sving, skaffe erfaring med samhandling, og raskt få på plass eit tilbod som når ut til flest mogleg.

I lys av dette vurderer vi å sende ein anbodsførespurnad til miljø vi veit har naudsynt kompetanse, som kan dekke heile fylket og kapasitet til å levere raskt i regi av Karriere Vestland. Eit krav i anboden vil nettopp vere forankring i det nasjonale kvalitetsrammeverket som Kunnskapsdepartementet har implementert, og som er eit sentralt element i den nasjonale kompetansestrategien som har brei tilslutning frå fem departement og partane i arbeidslivet.

Desse rettleiingstimane vil vi spesielt rette inn mot dei bransjane og regionane som blir hardast ramma. Det er grunn til å tru at maritim industri og leverandørindustrien til olje og gass er blant desse. Det er svært viktig å ta vare på og vidareutvikle denne kompetansen slik at den kan nyttast inn i framveksande og grønne næringar. Karriererettleiing til einskildindividar vil vere eit svært viktig verkemiddel her.

Med ein timepris på 1100 kr vil vi kunne tilby om lag 1800 fleire rettleiingar dersom det blir sett av 2 millionar kroner til dette føremålet. Per 19. mai var det om lag 50 000 arbeidsledige i Vestland. Nokre av desse vil kunne gå attende til sin gamle jobb, andre klarer å finne ny jobb på eiga hand, medan mange vil ha behov for hjelp til å ta gode karriereval. Tar vi i tillegg høgde for ei ny runde med arbeidsledigheit, meiner vi at ein auka kapasitet på 1800 rettleiingar er start på dette arbeidet.»